

Energi og miljøkomiteen på Stortinget

Kopi:
Miljøvernministeren
Forsknings- og høyere utdanningsministeren

Oslo 24 oktober 2007

Ims forskingsstasjon for laksefisk truga av nedlegging

Forskningsstasjon for laksefisk som NINA har på Ims i Rogaland, er truga av nedlegging. Stasjonen går i dag med 2-3 millionar i underskot, og styret i NINA har vedteke at NINA må legge ned drifta på Ims dersom dei ikkje klarer å få stasjonen i økonomisk balanse.

I 1988 fekk NINA Ims i gåve frå Miljøverndepartementet. Dei første åra hadde stasjonen inntekter av å selje settefisk av laks. Desse inntektene fall bort på grunn av nye reglar for utsetting av fisk i elvane. NINA si verksemd går med underskot som følgje av underskotet på Ims. Stasjonen har fem tilsette, mellom anna for å kunne drive med levande dyr i fangenskap etter normer og reglar frå Forsøksdyrutvalet.

Ims er ei avgjerande kjelde til basiskunnskap om atlantisk laks. I elva Imsa går laksen naturleg opp og ned. I tillegg har stasjonen ei kunstig elv for forskning. Det same gjeld kar for studiar av gyting og gyteåtfærd. Dei kan vidare studere interaksjonar mellom villaks og oppdrettslaks.

Atlantisk laks er ein art som Noreg har eit hovudansvar for å ta vare på fordi vårt land har det vesentlege av dei ville laksestammene i Europa. Forskinga ved Ims har så langt vore avgjerande for ei kunnskapsbasert forvaltning av laksestammene, til dømes gjennom opprettinga av nasjonale laksevassdrag og laksefjordar. Utan kunnskapen frå Ims hadde dette ikkje vore mogeleg å gjennomføre på ein kvalifisert måte. Forskningsbasert kunnskap om utviklinga av laksen i marin fase er avgjerande for dei viktige opplysningane om status for stammene og utviklingstrekk over tid, og om effektane av regulerte vassdrag.

Ims har gjeve empirisk grunnlag for ei rekkje doktorgrader om laksebiologi. Noreg er i dag internasjonalt leiande innan forskninga på villaks. Noreg har ratifisert NASCO-konvensjonen (NASCO = North Atlantic Salmon Conservation Organisation), men vil bli i dårlegare stand til å etterleve denne konvensjonen dersom kunnskapstilgangen frå Ims tørkar ut. I andre land har det vore stor interesse for resultatane frå Ims, og lakseforskarane i mange land har uttrykt stor otte for situasjonen dersom drifta ved Ims skulle stanse.

Forvaltninga legg ned relativt stor innsats for å ta vare på villaksen. Mange stammar har gjennom lang tid hatt negativ utvikling. I framlegget til statsbudsjett for 2008 har Miljøverndepartementet sett av 121,5 mill. kroner til ulike tiltak for å snu denne trenden. Det er heile tida spørsmål etter meir kunnskap for å få optimalt utbytte av desse tiltaka.

NINA treng 3 mill. kroner i ekstra inntekter for å halde drifta ved Ims gåande. NINA har prøvt, men opplyser at dei klarer ikkje å finne kjelder til nye inntekter gjennom eksternt finansierte forskingsoppdrag eller på andre måtar. Den einaste løysinga er at Ims kjem inn på statsbudsjettet med ei årleg løyving på 3 millionar. Gjennom ei slik løyving kan staten oppnå at bruken av midlane som går til lakseforvaltninga vert stadig meir fagleg velretta og resultatorientert. Etter alt å dømme vil det vere direkte irrasjonelt å legge ned Ims og samstundes halde oppe innsatsen for å berge dei atlantiske laksestammane.

Med vennleg helsing
Norges Naturvernforbund

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Lars Haltbrekken', with a long horizontal line extending to the right.

Lars Haltbrekken
Leiar